

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune
v/ sekretariatet

21. april 2021

NOTAT OM TIMEFORBRUK – FORVALTNINGSREVISJON AV TANNHELSETENESTA

I prosjektplanlegginga la vi til grunn at prosjektet kunne gjennomførast med ei timeramme på 452 timer. Vi planlegg prosjekta våre under føresetnad om at vi kan få den informasjonen vi har behov for frå fylkeskommunen når det blir etterspurt, og at andre planlagde aktivitetar som intervju og spørjeundersøking kan gjennomførast utan forseinkingar og meirarbeid. Dette har ikkje vore tilfelle i forvaltningsrevisjon av tannhelsetenesta.

I det alt vesentlege er årsakene til det auka timeforbruket knytt til **datakompleksitet** og at det har vore **krevjande å få dei svara og opplysningsane vi har hatt behov for**. Dette har medført både forseinkingar og auka tidsbruk i prosjektet. Vi vil likevel nemne at vi også har hatt noko meirarbeid knytt til gjennomføring av spørjeundersøkinga (distribusjonslister som måtte ryddast, utsettjing av svarfrist og involvering av leiinga i tannhelsetenesta for å få opp svarprosenten), samt noko meirarbeid knytt til intervju (personar som ikkje har svart/måtte purrast).

Når det gjeld datakompleksitet er dette i hovudsak knytt til at det har vore ulike rutinar/praksisar i Sogn og Fjordane og Hordaland. Dette medfører også at det ikkje alltid har vore presist kva som har vore gjeldande kor, og kva som gjeld for Vestland fylkeskommune, og det har vore nødvendig å følgje dette opp for å avklare, med ekstra runder både per telefon, Teams og epost. På nokre område er Sogn og Fjordane sine rutinar/praksis lagt til grunn for Vestland fylkeskommune, og på andre har ein basert seg på rutinar/praksis frå Hordaland fylkeskommune. Dette har vore tidkrevjande å få klarheit i. Vi viser i den samanheng mellom anna til rapporten sitt kapittel fem der vi har gjort greie for korleis føring av rekneskapen (splitten mellom inntekter og utgifter for høvesvis betalande og prioriterte pasientar) er gjort i høvesvis Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar, og korleis det er planlagt gjort i Vestland fylkeskommune. I eit «normalprosjekt» utan ein samanslåningsprosess å ta omsyn til ville det vore tilstrekkeleg å vise korleis dette hadde vore gjort i fylkeskommunen, utan å måtte undersøke og forklare korleis det er gjort i to tidlegare fylkeskommunar. Dette var naudsynt fordi det ikkje var noko rekneskap for Vestland fylkeskommune å vurdere – splitten var ikkje gjort endå, ettersom rekneskapen for 2020 ikkje var klar. Vi har dermed måtte vise til praksis i dei to tidlegare fylka i førre rekneskapsår (2019), og undersøkt korleis det er tenkt gjort i Vestland i samband med rekneskapen for 2020. Vi håpar på forståing for at dette har medført ekstra timebruk.

Det har også vore omstrukturering og leiarbytte i tannhelsetenesta i samanslåningsprosessen til Vestland fylkeskommune. Fleire er nye i stillingane og har ikkje kjennskap til historikk på dei forholda vi har etterspurt informasjon om. Dette har medført at vi har måtte gå nye runder og stille oppfølgingsspørsmål til fleire personar for å få nødvendige opplysningar.

I tillegg til datakompleksitet, har det i fleire tilfelle vore krevjande å få svar, og vi har måtte purre/sende spørsmål i retur og presisere spørssmålsstillingane ytterlegare fordi svara vi har fått ikkje har vore tilstrekkelege. Vi har ved fleire tilfelle fått korte, upresise svar.

Særskilt i den avsluttande fasen av prosjektet har det vore behov for å bruke meir tid for å kunne konkludere på problemstillingane. Dette gjeld i hovudsak dei økonomiske problemstillingane. I desember jobba vi med å ferdigstille eit rapportutkast som vi planla å sende på verifisering første veka i januar. Fleire forhold var uklare og ubesvarte, og vi sendte fleire epostar med oppfølgingsspørsmål til fylkeskommunen i desember.

Etter å ha innarbeidd nye opplysningar i desember og januar, såg vi at det framleis var forhold som er uklare og som vi hadde behov for meir detaljar om før vi kunne ferdigstille rapporten. Vi tok kontakt på nytt med ei rekke spørsmål. I fleire tilfelle har svara frå fylkeskommunen utløyst nye oppfølgingsspørsmål frå oss. Dette har vore tidkrevjande.

På ein del av spørsmåla har vi tatt kontakt direkte med rekneskapsavdelinga for å få tilstrekkelege svar, men også i denne kontakten er det døme på at vi ikkje har fått tilstrekkelege svar på spørsmåla våre. Vi vurderer det slik at fylkeskommunen på ein del spørsmål ikkje har grunnlag for å kunne gje svar, og nokre plassar i rapporten er dette også synleggjort for at det skal vere tydeleg at vi har forsøkt å få innsikt utan å lukkast.

Først i mars vurderte vi å ha gjort tilstrekkelege undersøkingar og fått tilstrekkeleg stadfesting på spørsmåla våre til at det var forsvareleg å konkludere på problemstillingane. Vi hadde likevel enkelte spørsmål som vi framleis ikkje hadde fått svar på, og som vi la inn i verifiseringsutkastet til rapport. Vi etterspurte her om årsrapporteringa frå tannklinikane var gjennomført. I verifiseringa av rapporten blei det påpeikt ein faktafeil, men spørsmålet om årsrapportering blei ikkje besvart. Vi konkluderte difor først med at fylkeskommunen ikkje hadde oversikt over inngåtte samarbeidsavtalar med kommunane. Først i høyringsuttalen frå fylkesrådmannen fekk vi stadfesta at årsrapporteringa frå tannklinikane er gjennomført, og at tannhelsetenesta har informasjon om kva avtalar som er inngått med kommunane og ikkje.

Oppsummert har denne forvaltningsrevisionen vore meir ressurskrevjande enn føresett. Sett i ettertid burde vi truleg vore tydelegare på risikoen for overskridinger som følgje av samanslåningsprosessen, og kanskje også lagt inn eit høgare timetal i utgangspunktet for å ta omsyn til risikoen for auka datakompleksitet som følgjer av dette. Når det gjeld meir arbeid knytt til å hente inn tilstrekkelege svar på spørsmåla våre, er vår vurdering at dette er vanskeleg å planlegge for. Vi ser likevel at vi skulle vore tydelegare undervegs på kva dette ville innebere av timeforbruk, når vi samtidig undervegs har varsla om forseinkingane i prosjektet.

Påløpte timer i prosjektet er totalt 649, altså 197 timer meir enn budsjettet. Vi ber om tilbakemelding på om vi kan etterfakturere 160 av desse timane. Då har vi tatt ein del av timane sjølv ettersom vi ikkje i tilstrekkeleg grad hadde tatt høgde for risikoen i prosjektet.

Med venleg helsing
Deloitte


Birte Bjørkelo
Oppdragsansvarleg partner